

MINDRE BYGGJEARBEID PÅ UTBYGT EIGEDOM (PBL § 20-2)

Søknad skal sendast til:

Hornindal kommune
Postboks 24
6761 Hornindal

ByggSøk

Det vert rådd til å bruke nettbasert søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis, og du får rettleiing om utfyllinga under vegs. Ved å bruke ByggSøk får du samtidig ein betre kvalitetskontroll av søknaden. Hornindal kommune har redusert gebyr (10%) for søknader som er sendt inn via ByggSøk.

Søknad om mindre byggjearbeid på utbygt eigedom kan nyttast for følgjande tiltak:

- § Oppføring av ein enkelt frittliggjande bygning som ikkje kan brukast til bustadføremål, og der korkje samla bruksareal (BRA) eller utbygt areal (BYA) er over 70 m². Bygningen kan oppførast i inntil 1 etasje, og kan i tillegg vere underbygt med kjellar. Avstand til nabogrense skal vere i samsvar med PBL § 29-4.
- § Oppføring av eitt enkelt tilbygg der korkje samla bruksareal (BRA) eller utbygt areal (BYA) er over 50 m². Tilbygget kan i tillegg vere underbygt med kjellar (etasje som også inneheld hovuddel, vert ikkje reikna som kjellar). Avstand til eigedomsgrense skal vere i samsvar med PBL § 29-4. NB! Dersom tilbygget inneheld våtrom, skal det sendast søknad etter PBL § 20-1, jf. SAK10 § 2-2.
- § Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafør ei brukseining.



Søknaden i 1 eksemplar skal innehalde:

Søknadsblankett	NBR nr. 5153*
Blanketten skal fyllast ut slik at det viser korleis bygget oppfyller krav i plan- og bygningslov, forskrifter og evt. reguleringsplan	
Teikningar i målestokk 1:100 av:	
<ul style="list-style-type: none"> • fasadar • snitt • plan, også evt. loftsplan og kjellarplan 	
Situasjonsplan	
Kartgrunnlag kan bestillast hos kommunen, eller kan hentast frå ”Nordfjordkart” på kommunen si heimeside. Bygningar må teiknast i målestokk, og avstandar til grense, veg og anna bygning på same eigedom skal vere påført. Eventuelle krav knytt til tilkomst, snuplass på eigen grunn, parkering, uteoppholdsplass og liknande skal visast på kartet.	
Gjenpart av nabovarsel, evt. nabosamtykke	NBR 5155
Naboar og gjenbuvarar skal varslast. Dersom det vert søkt om dispensasjon, skal naboar varslast særskilt om dette. Samtykkje frå nabo kan også vere påført teikningane (signatur og dato)	

Sjå baksida P



MINDRE BYGGJEARBEID PÅ UTBYGT EIGEDOM (PBL § 20-2)**Evt. merknader frå naboar**

med utgreiing om korleis desse evt. er tekne omsyn til.

Evt. søknad om dispensasjon*

Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre reglar, er det krav om grunngeven søknad, jf. PBL § 19-1. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrense er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftleg samtykkje frå aktuell nabo.

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Tiltakshavar sitt ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket er i samsvar med gjeldande krav etter plan- og bygningslova. Ved tilsyn kan bygningsmynde be om dokumentasjon på korleis forskriftene sine krav blir tekne i vare, f. eks. krav til tryggleik i konstruksjonar, brannvern og rømmingstilhøve, universell utforming, planløsning, tryggleik i bruk og tekniske installasjonar.

Når kan arbeida setjast i gong?

Arbeida kan setjast i gong 3 veker etter at søknaden er teken i mot av kommunen dersom følgjande vilkår er oppfylt:

- Alt arbeid er i samsvar med reglane gjeve i eller i medhald av PBL (ingen dispensasjon).
- Det ligg ikkje føre merknader frå naboar eller gjenbuarar.
- Det er ikkje naudsynt med ytterlegare løyve, samtykkje eller uttale frå anna mynde.
- Kommunen har ikkje gjeve melding om forlenga sakshandsamingstid, jf. SAK10 § 7-3.

Berre dersom vilkåra over er oppfylt kan arbeidet setjast i gong. Dersom nokon av vilkåra ikkje er oppfylt kan arbeidet ikkje setjast i gong før det ligg føre skriftleg løyve frå kommunen. Det vert rådd til å kontakte kommunen før oppstart.

Bygget kan ikkje takast i bruk før det er gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

